



Arkivnr: 2014/13969-6

Saksbehandlar: Bente Utne

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		13.05.2014
Fylkesutvalet		20.05.2014
Fylkestinget		11.06.2014

Oppstart av Fv 7 Lussandberget - rassikringsprosjekt

Samandrag

Rassikringsprosjektet Fv 7 Lussandberget er no klar til oppstart om fylkestinget godkjenner dette. Statens vegvesen si kostnadsramme etter gjennomført anbuds konkurranse for prosjektet er på 295 mill kr inklusive mva (240 mill kr eksklusive mva). Prosjektet er viktig lokalt, regionalt og ikkje minst nasjonalt, som omkøyringsveg for E16.

Prosjektet er ikkje fullfinansiert med rassikringsmidlar for perioden 2014-17. Fylkesrådmannen rår til at Fylkestinget likevel godkjenner oppstart av dette prosjektet. Finansieringa av underdekninga på rassikringsmidlar må ein koma attende til på eit seinare tidspunkt.

Forslag til innstilling:

1. Fylkestinget godkjenner oppstart av Fv 7 Lussandberget i 2014 i samsvar med Statens vegvesen si kostnadsramme på 295 mill kr inklusive meirverdiavgift (240 mill kr eksklusive mva).
2. Finansiering av trong for rassikringsmidlar ut over tildelt ramme frå Staten vert å komma attende til.

Johnny Stiansen
fungerande fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 06.05.2014:**Bakgrunn**

Denne saka vert lagt fram for fylkestinget av to årsaker:

For det første følgjer det av internt reglement om «Delegasjon på vegsektoren» punkt 1.3 om kontraktar: «Igangsetjing av prosjekt med kostnadsramme over 250 mill kr skal leggjast fram for fylkestinget til særskilt godkjenning når konkurransegrunnlag med oppdatert kostnadsoverslag ligg føre».

Vidare har prosjektet ikkje fullfinansiering av rassikringsmidlar for perioden 2014-17. Det vert her vist til fylkestingsak 65/13 om rammer for skredsikringsmidlar 2014-17. I vedtakspunkt 3 heiter det:

«Fylkestinget ser at det ut frå dagens rammer ikkje er tilstrekkelege midlar til å fullføra heile prosjektet Fv 7 Lussandberget i perioden. Ein må avvanta endelege rammer og koma tilbake til oppstartstidspunkt».

Kostnadsoverslag Lussandberget pr april 2014

Statens vegvesen har no motteke og gått gjennom innkomne anbod for rassikringsprosjektet Fv 7 Lussandberget. Det kom inn to anbod:

- Veidekke Entreprenør: 256,8 mill.kr
- Arbeidsfellesskapet Contexo as og Flage Maskin as: 219,4 mill.kr

Statens vegvesen si anbodsnemnd har vurdert anboda i forhold til krav i utlysinga mv og innstiller på at Arbeidsfellesskapet Contexo as og Flage Maskin as blir tildelt oppdraget/prosjektet. Byggherrekostnader, grunnnerv, kabelflytting og usikkerheit med omsyn til mengder mv. medtatt i kostnadsanslaget frå Statens vegvesen:

Lussandberget pr april 2014	Mill kr
Anbod	219,4
Byggherrekostnader/grunnnerv	20,0
Sum ekskl mva	239,4
Mva 25% av anbudssum	54,9
Sum inkl mva	294,3

På spørsmål til Statens vegvesen om kostnadsoverslaget inkluderar usikkerheit, og kva eventuelle risikoar som kan vera i prosjektet, gjev dei følgjande svar i e-post av 05.05.2014:

«Siden anbudet er totalentreprise på 219,4 mill.kr + mva skal det ikke ligge noe overraskelser her. Det er ikke noe spesielt med grunnforholdene som kan by på overraskelser. Det er også avklart hvor tunnelmassene skal plasseres. Når det gjelder byggherrekostnader (inkl grunn mv.) på 20 mill.kr er det her lagt inn en buffer for å møte evt merkostnader. Det er mer sannsynlig at disse byggherrekostnaden blir noe mindre enn de 20 mill.kr vi har lagt inn».

Tildeling rammer for perioden 2014-17

Samferdselsdepartementet har i brev til Vegdirektoratet av 01.04.2014 godkjent fylkesfordelinga av planrammene for perioden 2014-17. I forhold til fylkestingsak 65/13 der ein hadde fått tilsegn om planrammer, får ein same totalsum, 308 mill kr. Men midlane kjem no tidlegare enn rekna med der, med høvesvis 109, 132, 57 og 10 mill kr for åra 2014-17.

I oversendingsbrev frå Vegdirektoratet til regionvegkontora av 25.04.2014 står det spesifikt at «.....den merverdiavgiftskompensasjon som gis knyttet til slike prosjekter nyttes til finansiering av skredsikrings-tiltak». Dette er i samsvar med Hordaland fylkeskommune sin praksis frå 2013, at statstilskotet må vurderast mot nettokostnadene for prosjekta.

Bindingar og midlar for perioden 2014-17

Tabellen viser budsjett 2014, endringar i behov i 2014 pr 30.04.14 og inklusive kostnadsoverslaget for Lussandberget:

Veg	Kostnadsanslag inkl mva	Bud 2014 (etter marsting)	Behov 2014 inkl mva iflg SV pr mai 14	Behov 2015 inkl mva	Behov 2016 inkl mva	Behov 2017 inkl mva	SUM 2014-2017 inkl mva
Fv 572	Oddaneset/Merkeneset	2 000	2 000				2 000
Fv 7	Haukanesberget	145 000	145 000	111 700	2 000		258 700
Fv 7	Lussandberget	68 700	38 000	195 000	60 000	2 000	295 000
Fv 572	Torgilsberg tunellen	1 500	1 500				1 500
Fv 7	Tokagjelet (*)	-	15 000				15 000
	Diverse tiltak	3 800	3 800	3 800	3 900	4 000	15 500
	Sum brutto kostnader	221 000	205 300	310 500	65 900	6 000	587 700
	- Mva. kompensasjon 22%	-39 852	-37 021	-55 992	-11 884	-1 082	-105 979
	Netto kostnader	181 148	168 279	254 508	54 016	4 918	481 721
	Fordeling Samf.dept. 01.04.2014		109 000	132 000	57 000	10 000	308 000
	Overført beløp 1.1.14 iflg SVV		119 000				119 000
	Totale rammer 2014-17		228 000	132 000	57 000	10 000	427 000
	Overdekning + /underdekning -		59 721	-122 508	2 984	5 082	-54 721
	(*) Budsjettsak til juniinget 2014						

Ifølgje Statens vegvesen utgjer overførte beløp for skredsikringsmidlar frå perioden 2010-13 **119 mill kr** pr 01.01.2014.

Tabellen over viser at ein manglar **rundt 55 mill kr** for perioden 2014-17 for å fullføra Lussandberget, om oppstart skjer i næraste framtid. Dersom fylkestinget skulle velja å utsetja prosjektet, må ein rekna med å gjennomføra ny konkurranse.

Fylkesrådmannen si vurdering

Rassikringsprosjektet Lussandberget var med i planperioden 2010-13, med finansiering 40 mill kr i 2013 og 120 mill kr i 2014-17. Seinare har Lussandberget blitt utsett til fordel for mellom andre Fv 572 Torgilsberg tunellen i Ulvik herad.

Fv 7 er omkøyingsveg for E16. Begge desse vegane er svært rasutsette, og har vore stengt av ras i lengre periodar i 2013. Vegane utgjer dermed hovudforbindelsen mellom Bergen og Oslo. Både rassikring og utbetring av desse vegane har vore viktig for fylkestinget i Hordaland. E16 skal oppgraderast i dei komande åra, og dermed vil Fv 7 vera ein viktig omkøyingsveg, både for planlagt vegarbeid med eventuelle stengingar/begrensningar.

Rassikring er kostnadskrevjande, og tunellar er ofte nødvendige tiltak for å sikra rasfarlege strekningar. Når Fv 7 får sikra dei rasfarlege punkta i Granvin herad vil dette vera ei vesentleg forbetring av denne viktige vegen. Tokagjelet i Kvam er også eit rasutsett og vanskeleg parti på vegen, og her har Hordaland fylkeskommune måtta gjennomføra ein del sikringsarbeid og utbetringar etter raset som gjekk hausten 2013. Ytterlege sikring er høgt prioritert, og står på planen for neste periode.

Som det går fram over, manglar ein rundt 55 mill kr i perioden for å fullføra prosjektet. Fylkesrådmannen vil presisera at ein i denne perioden ikkje foreslår å starta andre høgst tiltrengte prosjekt. Lussandberget er no klar til oppstart, og ein har ingen andre større prosjekt er klar til oppstart i næraste framtid.

Fylkestinget har ved fleire høve gitt uttrykk for at midlane til Hordaland er for små sett i forhold til kor rasutsett Hordaland er, og kor viktige vegane i fylket er.

I følgje Statens vegvesen kan det vera mogeleg å «låna» skredsikringsmidlar frå andre prosjekt/fylke/regionar. Dersom ingen av desse alternativa skulle føra fram, må Hordaland fylkeskommune vera villig til å dekkja inn underdekninga. Inndeckninga kan vera varig eller inntil statsmidlar kjem i perioden frå 2018.